

# Kortare arbeidstid

Skrevet av: **Borghild Lindeflaten**  
Veileder: **Jan Erik Askildsen**  
Høsten 97.

## Sammendrag

Det er ei oppfatning at ein reduksjon i arbeidstida vil føre til auka sysselsetting. I 1987 gjekk arbeidstida i Norge ned frå 40 til 37,5 timar i veka. Verknaden av kortare arbeidstid blir drøfta teoretisk og empirisk, der ein i empiridelen brukar data frå Industristatistikken.

Frå den teoretiske delen finn vi at det er lite sannsynleg at kortare arbeidstid vil gi auka sysselsetting. Kortare arbeidstid vil gi auka lønnskostnader fordi ein del av lønnskostnadane er uavhengige av talet på tilsette. I tillegg vil det være usikkert om produktiviteten vil gå opp eller ned. Driftstid på maskinane går ned når arbeidstida går ned, noko som vil føre til at produktiviteten vil gå ned, mens effektiviteten til arbeidarane vil auke fordi arbeidarane blir mindre trøtte.

Deskriptiv statistikk og regresjon gir resultat som går i same retning som teorien. Vi finn ikkje noko klar endring i sysselsettinga etter 1987. Dette kan skuldast at bedriftene lar dei tilsette arbeide overtid heller enn å tilsette nye. Ein annan årsak kan vere at arbeidstidsreduksjonen skjedde i ei tid med høg konjunktur og press på arbeidsmarknaden. Produktiviteten auka etter arbeidstidsreduksjonen, noko som tyder på at bedriftene gjekk inn for produktivetsforbedringer for å demme opp for negative effektar av kortare arbeidstid.